



Norsk studentorganisasjon

Holbergs gate 1 / 0166

Oslo

T: 22 04 49 70

E: nso@student.no

W: www.student.no

Høyrings svar

Forslag til endringar i opptaksforskrifta

Dato: 14.11.2017

Høyringsssvar

Forslag til endringar i opptaksforskrifta

Norsk Studentorganisasjon (NSO) ynskjer å takke Kunnskapsdepartementet (KD) for invitasjonen til å komme med innspill i forbindelse med departementets forslag til endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning. Vi er generelt positiv til forslaga slik dei er lagt frem, men vil her komme med nokre merknadar. Høyringsuttalelsen vil vere strukturert etter følgjande punkter:

- Positiv særbehandling
- Tilleggspong for alder

Positiv særbehandling

NSO meiner det er positivt at det foreslås å leggje til rette for innføring av tilleggspong for det underrepresenterte kjønnnet der kjønnsbalansen er svært skeiv. Skeiv kjønnsfordeling på eit studie har ikkje utelukkande konsekvenser for skeiv kjønnsfordeling mellom studentane, men vil også ha konsekvensar for kjønnsbalanse i arbeidslivet for øvrig. I tillegg meiner NSO at kjønnsbalanse vil kunne auke den faglege kvaliteten og den generelle trivselen for studentar under utdanning. Årsakene til at det på enkelte studium ikkje er balanse mellom kjønna er komplekse, og kan variere over tid og mellom ulike institusjonar. Det er positivt å se at det vert forventa at refleksjonar rundt dette skal vere ein del av institusjonane sine søknadar om å innføre tilleggspong for det underrepresenterte kjønn. Vi anser det samtidig som naudsynt å påpeke at vi meiner departementet sjølv har eit ansvar for å utarbeide tiltak og følgje opp i tilfelle der utgreiingar viser til årsaker til kjønnsbalanse som ligg utanfor institusjonane.

NSO meiner at alle studium skal vere gjenstand for årleg evaluering av kjønnsbalansen. Vidare meiner vi at kvart studium etter ei slik evaluering skal sortere inn under éin av dei tre følgjande kategoriane:

- **Balanse:** Begge kjønn er representert med minimum 40 prosent av den opptatte studentmassen på studiet.
- **Moderat ubalanse:** Eit kjønn er representert med under 40%, men over 25% av den opptatte studentmassen på studiet.
- **Kritisk ubalanse:** Eit kjønn er representert med under 25% av den opptatte studentmassen på studiet.

NSO ynskjer å spille inn at dette bør inngå som ein merknad til forskrifta.

Tilleggspong for alder

NSO ynskjer å uttrykke bekymring for å endre praksisen rundt tilleggspong knytta til alder. Slik forslaget lyder er vi usikker på omfanget av konsekvensane dette vil ha for det administrative apparatet rundt opptak. I dag tildeles alderspong maskinelt i opptakssystemet etter årstall, noko som ikkje vil vere mogleg ved ein eventuell endring i ordninga.

Ei eventuell endring i tilleggspong for alder bør også føre til ein debatt om kva ein meiner at eit slikt tiltak skal vere godt for. Dette har av NSO vore ansett som eit tiltak for å få

søkarar som har hatt friår etter fullført vidaregåande opplæring tilbake til utdanningsløpet og høgare utdanning. Det er også nærliggande å her tenke at alder har noko å si for den generelle utviklinga til den enkelte søkaren, og at dagens ordning i større grad legg til rette for at søkarar som har tilegna seg annan kunnskap og kompetanse, for eksempel gjennom arbeid, blir oppmoda til å søkje seg til høgare utdanning.

NSO støtter ikkje forslaget om å endre på ordninga med tilleggspoeng for alder.